


JOTA/JOTI 18. – 20. OKTOBER 2024

Sykylven Speidargruppe vil, i samarbeid med Sunnmøre krets av NSF invitere til den årlege JOTA/JOTI-helga.



- Det artige med JOTA/JOTI er at nettopp denne helga sit speidrarar i alle land og vil kommunisere på internett eller amatørradio med andre speidrarar. I løpet av helga får alle prøve å chatte/snakke med speidrarar ulike stadar i verda.
- I tillegg lovar vi fleire økter med kjekke aktivitetar og masse tid til sosialt samver. Aktuelle aktivitetar er bruskasseklatring, capture the flag, tinnstøyping med meir.
- Laurdag ettermiddag vert det eit eige opplegg for ROVERANE.
- Sjølv sagt skal vi ha leirbål, og vi kan røpe at kjøkkengruppa er godt i gang med planlegginga av menyen.
- Alle speidrarar frå 5.klasse og oppover er hjarteleg velkomne.

Oppmøte på Sykylven Ungdomsskule fredag 18. oktober kl. 19.00

Slutt søndag 20.oktober kl. 14.00

Prisen er kr. 400,- pr deltakar (betaling med vippes #137534, eller med felles giro til gruppa)

Dette treng du å ta med:

- Sovepose + liggeunderlag
- Gymkle
- Innesko + drikkeflaske
- Kleskift
- Kle til å vere ute i. Vi skal vere ute i fleire økter
- Leirbålskappe, om du har
- Toalettsaker og handduk
- Evt allergiar ifht mat må meldast inn ved påmelding



Påmeldingsfrist 2.oktober.

All påmelding skjer gruppevis til gruppeleiari@speidarbo.no

Speidarhelsing Sykylven speidargruppe ☺